




Førde pensjonistlag 1972 - 2022 50-års jubileum!

Styret i jubileumsåret!



Det var ein gong!

Fram til 1896 omfatta Førde kommune kyrkjesogna Førde, Holsen og Naustdal. Så vart Naustdal skilt ut som eigen kommune.

Og så, frå 2020 er vi saman igjen, og no er også Jølster og Gaular med, og vi har teke namnet Sunnfjord.

Folketalsutvikling for Førde kommune frå 1966 til 2015:

1966	1980	1990	2000	2010	2016 (Jan)
4100	7086	8474	10473	12035	12900

I andre kvartal 2016 passerte innbyggjartalet i Førde 13000..

Etter at Sunnfjord kommune vart etablert er innbyggjartalet no omlag 22000.

Då Pensjonslaget vart oppstarta i Førde i 1972 var folketalet 5044 , og det heile tok til slik:

Den 4. mai kl.1900 vart det invitert til



Hyggjekveld for eldre
på SUNNFJORD HOTELL torsdag 4. mai kl. 19.00. — 72
PROGRAM:
Fylkesskogsjef Ueland viser lysbilder frå Førde og omland.
Barneleikarringen til Førde Ungdomslag.
Samklang. — Opplesing.
Val av styret.
Kaffi, smørbrød.
Alle eldre er hjarteleg velkomne !
Dei som ynskjer bil til og frå kan ringe tlf. 622 Førde.
FØRDE PENSJONISTFORENING.

Mrk: Namnet var dengong ; «Førde pensjonistforening»

Den første tida – 1970-åra!

- **I FØRDE PENSJONISTLAG:**
- 1972: Første møte var vel i hamn med godt frammøte i peisestova i den nye aldersheimen
- **Kristian Kjøllestad** vart vald til formann, som han var fram til 1977. Kontingenten vart fastsett til 10 kr. i året
- **Kornelius Holvik** var nestformann, og overtok som formann fram t.o.m.1979
- **I 1973 vart det vedteke at kasserar skulle få til rådvelde kr. 30 til dekning av utgifter til post og telefon**
- Medlemstalet i foreninga var i dette året 45
- **Det vart gjennomført juletreffest, lagsmøter og styremøter**
- Og turar: mellom anna til Måløy, Svelgen, Tysse og «Mørebygdene»
- **I 1977 kunne Pensjonistlaget feire 5-års jubileum, og årsmøte vart arrangert på Bjørns Grill**
- 1978: Kontingenten vart heva til kr. 20, og tal styremedlemmar utvida frå 5 til 7
- **1979: Oppstart av Seniortrimmen i det nyleg etablerte Eldresenteret i Rødekors-bygget**

Førde Pensjonistforening på tur til Måløy.

15. mai reiste Førde Pensjonistforening på tur til Måløy. Turen starta frå Firda Billag kl. 9. Vi kørde til Naustdal, over Ramsdalsheia og utover til Bjørnset. Tok så ferja over til Haukå, og kørde vidare forbi Svelgen og over til Alfoten.

Så fylgde vi ferja frå Isane til Stårheim og derfrå vidare til Måløy. Det var veldig interessant for oss som ikkje hadde reist denne vegen, at vi hadde Kjøllesdal med. Han er svært godt kjend her, og han fortalde interessant om alle stader vi kørde forbi. Vi stogga så vidt i Kølsdalen, så vi fekk sjå barndomsheimen hans, og han fortalde i korte trekk om bygda. Likeins stogga vi litt ved heimen til Alfred Maurstad.

Då vi kom til Måløy, tok vi inn på Hagens Hotell, og der fekk vi middag. Vi stogga der til kl. 1/2 4, så vi fekk sjå oss litt rundt i byen.

Det var mykje å sjå, og alle var særst oppglødde for å sjå den nye Måløybrua. Då vi starta derfrå, tok vi ut til Torskangerpollen og såg den gamle, gode fiskeplassen som alle dei gamle fiskebuene vitna om.

Då vi kom til Nordfjordeid, stogga vi og var innom »Heimen« og fekk oss kaffi. Deretter såg vi oss litt rundt på staden. Kørde derfrå til Lote, så med ferja over til Anda. Deretter gjekk turen direkte heim.

Det var ein særst vellukka tur. Veret var det aller beste, og vi fekk sjå mykje vakker og vekslande natur. Det var mange stader vi kunne ha lyst å stogge og sjå oss rundt, for det var så vakkert.

Så vi som var med, vil minnast turen med glede.

H. H.

Den første tida – 1970-åra!

- **I FØRDE:**
- Stortinget vedtok i 1971 bygging av Sentralsjukehuset i Førde
- Flyplassen på Øyrane vart etablert
- Det vart vedteke at Ankerløkken verft skulle byggast
- Bygging av ungdomsskule vart vedteke i 1971
- Den første barnehagen i Førde vart opna i 1972
- Sunnfjord Sparebank vart stifta i 1973
- Sogn og Fjordane teater vart starta opp, og Førde volleyballklubb stifta i 1974
- I 1975 slår fleire kraftlag seg saman til Sunnfjord Energi
- Vegen til Solheimsdalen opnar same år
- I 1976 opnar NRK distriktskontor i Førde med sendingar frå Førdehuset, som stod ferdig i dette året
- Same år går fleire kommunar saman om å bygge museet i Movika
- 1979: NRK-bygget vert opna, og Sentralsjukehuset står ferdig



https://www.nrk.no/video/den-gamle-flyplassen-paa-oyrane-i-forde_286642



1980-åra:

- **I FØRDE PENSJONISTLAG:**

- **Ingrid Os** tok over som ny leiar, og medlemstalet var 116
- 1982: Foredrag av distriktssekretæren i Røde Kors på årsmøte, der han fortalte om Hauglandssenteret
- 1983: Det vart arrangert turar både til Ålesund og Røros
- 1986: **Magnar Erdalsdal** vart vald til ny leiar på årsmøte. Budsjettet viste eit lite underskot grunna kjøp av andel på kr 500 i Hauglandssenteret
- Pensjonistlaget inviterte alle pensjonistane i Førde til julebord. I følgje Firda var det «3 timar utan dødpunkt»
- 1987: Julefesten vart arrangert på Eldresenteret med svært godt frammøte. Det vart servert karbonadesmørbrød, kaffe og bløtkake.
- Medlemskontingenten vart sett til kr. 40 pr. år
- 1988: På årsmøte talte leiaren om dei farer som omgir oss, som aids, narkotika, rusdrikk med meir



1980-åra:

Frå krambu og slaktehus til kjøpesenter

- **I FØRDE:**

- Universitetet i Bergen startar utgravingar på Vie og fann busetting som skriv seg attende til om lag år 0
- Det bur no 7401 innbyggjarar i tettstaden Førde
- 1981: Førde kommune har størst gjeld i heile fylke
- 1982: Stor rasulukke på vegen mellom Naustdal og Førde, og fire medlemmar i bandet «New Jordal Swingers» dør
- 1984: Vestlanske salslag flyttar til Reset
- 1985: Førde kyrkje feirar 100-års jubileum
- 1986: Bringeland lufthamn vert opna, og flyplassen på Øyrane nedlagt
- 1987: Handelshuset i Førde opnar dørene for føste gong
- 1988: Sogn og Fjordane ingeniørhøgskule vert etablert i Førde
- Aud Wiger vart første ordførar frå AP, og den første kvinnelege ordførar i Førde



Vi fann nokre tidstypiske annonser i Firda!

Førde Sport satsar på Tandberg/Radionette og skikkeleg service

EL KJØP

Førde Sport

Godt utval — God service — Gode salyskår

RADIONETTE

Visitt-tider ved Sjukestova i Førde:

Visitt-tidene ved Sjukestova i Førde er fastsett slik:
 Kl. 10.30—11.30, kl. 13.30—15.00.
 «Pappavisitt» kl. 18.00—18.30.
 Born under 12 år har ikkje tilgjenge til fødeavdelinga utan spesielt løyve.

STYRARINNA.

JULE-TIPS

TIL FORNUFTIGE PRISAR!
 FRA KLAKEGG!

FOR HERRE:
 SKJORTER
 BUKSER OG FULL
 AV HERRER
 SKJORTER 19.50, 29.50, 39.50

GENSERAR
 I stort utval 39.00, 49.00, 59.00

VESTAR
 34.50 — 39.50
 SERVL. SKJ.

SLIPS - SKJERF - SOKKAR
 I STORT UTVAL

PARKAS
 kr. 198.00

TOPP KVALITET — FLEIRE FARGAR.
 Velkommen til god julehandel hos

TEKSTILKJØP

Kokke.

Sjølvtendig kokke får plass på kafeteria, hybelsenteret Bergum, som opnar om ca. to veker. — Henv.

Anders Muri, Bergum,
 6800 Førde, tlf. 459.

Enkelt fotoapparat og Super 8 opptakar.

Berre å trykke på knappen og De er garantert godt resultat.

Fotoapparat frå kr. 79.—.
 Super 8 opptakar frå kr. 298.—.

Foto D. Reiakvam

6801 Førde — Tlf. 121

Senterpartiet.

Studiekurs om EEC på 4 kveldar byrjar måndag 8. nov. kl. 20.00 på den nye ungdomsskulen.

Medlemer og andre interesserte velkomne.

Førde Senterparti.

Butikkopning!

i Lia

fredag 19. og laurdag 20. februar.

Av tilbud nemner vi:

	Ordiner:	Tilbod:
Middagspolse	kr. 15.30	kr. 13.60
Billegervelat	5.25	4.68
Boks is — 2 l.	13.20	11.20
Danske kakebotnar	2.25	1.50
Stabb. Middagskaker	7.95	6.50
Spaghetti a la Capri	8.90	7.75
Golden Chips	1.55	1.28
Grøne erter	2.—	1.68
Idun Pølsestichup	5.30	4.40
Plommeylletøy, 1,5 kg.	10.00	8.50
Jordbær/bringebær/blåbærlytøy	15.—	9.90
Hocus Appelsinsaft	kr. 3.50	2.65
C. D. Charm-Longs	9.95	7.85
Sunnlik Hårlakk	14.65	12.48
Jaffa appelsiner — 5 kg.	11.75	9.28

+ mange andre gode tilbud.

Demonstrasjon. — God kontant-rabatt!

Skilbrei Dagligvarer

1990-åra:

- **I FØRDE PENSJONISTLAG:**

- Turar var populære innslag i Pensjonistlaget sine aktivitetar; mellom anna til Oppedal, Fjærland og Valdres
- 1991: Ingrid Os gjekk ut av styret etter i alt 15 år med styrearbeid bak seg.
- 1992/93: Årsmøta har begge desse åra ca. 50 deltakarar, mens det totale medlemstalet også framover i 10-året ligg på ca. 175
- 1993: På årsmøte får Elias Kirkebø overrekt Pensjonistlaget sitt Heidersmerke for lang og tru teneste, m.a. som mangeårig leiar av «trimmen»
- 1994: Magnar Erdalsdal sluttar som leiar etter 8 år. På vegne av Pensjonistforbundet får han gullnål og diplom for innsatsen
- 1995: **Gudrun Farnes** vert vald til ny leiar med Karl Lausund som nestleiar
- 1997: 25-års feiring på Sunnfjord folkehøgskule med middag, taler, prolog, song og musikk



1990-åra:

- **I FØRDE:**
- 1990: Den første Førdefestivalen vert arrangert
- 1991: Vinmonopolet opnar utsal i Førde
- 1993: Ny yrkjesskule vert bygd på Indre Øyrane. Det vert plass til 400 elevar
- 1994: Rekordlåg arbeidsløyse i Indre Sunnfjord med 1,9%
- Sjukepleiar- og ingeniørutdanninga vert del av Høgskulen Sogn og Fjordane
- 1995: Signe Nydal produserar 10 tonn med raspeballar, og desse vert og kåra til Norges beste ☺
- 1996: Gamal busetting på Hornnes vert avdekka og syner at det budde folk der for 4500 år sidan
- 1996: I september blir Førde kyrkje påtent, men brannen blir raskt sløkt og kyrkja får berre mindre skade. Ein 20-åring tilstår få dagar etter at han har tent på og velta 50 – 60 gravstøtter
- 1997: Førde vert by i februar, og ordførar Aud Viken kan ønskje innbyggjar nr. 10.000 velkomen
- 1999: Avisa Firda vert kåra til beste lokalavis i Europa



Det første 10-året på 2000-talet:

• I FØRDE PENSJONISTLAG:

- 2000: På årsmøte er det 40 frammøtte, og **Brynjulf Loen** blir vald til ny leiar etter å ha erstatta Karl Lausund som nestleiar i 1999. Gudrun Farnes held fram som nestleiar
- 2001: På årsmøte deltar plansjefen i Førde kommune, Reidar Hatlebrekke, og gir eit oversyn over planane for boligbygging i kommunen
- 2002: Det er referert at på årsmøte var frammøte dårleg, men stemninga god! Pasientombod Ove Mjåtveit orienterte om ombodet sin jobb i fylke
- 2003: Direktør Per Storegjerde i Sunnfjord Energi orienterte på årsmøte om utbygginga frå 1914, då Brulandsfossen vart utbygd
- 2004: På årsmøte orienterte fysioterapeut Solveig Sølvberg om korleis ein skal komme i kontakt om det er behov for hjelpemiddel, og spørsmål om kva det finst hjelpemiddel for
- 2005: Årsmøte vedtok å tinge ein time kvar måndag i Terapibassenget på Helsetunet for sine medlemmar
- 2006: På årsmøte orienterte klinikkdirektør Aud Viken på Sentralsjukehuset om samarbeidet mellom dei fire sjukehusa i fylket
- 2007: Brynjulf Loen går av som leiar etter 6 år, og **Elisabet Muri** tek mellombels over styrevervet. Medlemstalet ligg i 2007-2009 på rundt 250/260
- 2008: **Olaug Joleik Kirkebø** vert vald til ny leiar i Førde pensjonistlag



Det første 10-året på 2000-talet:

- **I FØRDE:**
- 2000: Lotteritilsynet kjem til Førde med Atle Hamar som leiar
- 2001: Det nye kyrkjelydshuset står ferdig under namnet «Førde kyrkjetun»
- 2002: Staten overtar Sentralsjukehuset som del av helseføretaksreforma
- 2003: Gamle Førde barneskule brenn og vert ikkje bygd opp att. Det vert reist eit nytt skulebygg som stettar tida sine krav.
- 2004: Den 22-årige sjukepleiarstudenten Anne Slåtten blir i juni funne drepen i eit kratt ved Angedalsvegen
- 2005: Det nye Stiftelsestilsynet vert slått saman med Lotteritilsynet i Førde
- 2006: Del av Førdefjorden vert utpeika som nasjonal laksefjord
- 2007: Førde by er 10 år gamal og jubilerar 19. februar
- 2008: Berre ein kommune i landet var betre enn Førde innan skuleområdet

- 2009: Nord-/sørsamarbeid - Førde kommune engasjerar Oddvar Torsheim til å lage ei folkeaksje for ferdigstilling av samfunnshuset i Ntchisi i Malawi.



Frå 2010 til 2020:

- **I FØRDE PENSJONISTLAG:**
- 2010: **Thor Eriksen** tek over som leiar, og sit som det fram til 2016
- 2011: Årsmøte var samd i at kommunen overtok ansvaret for Frivilligsentralen
- 2012: 40-års jubileet vart feira på Førde kyrkjetun med representantar frå pensjonistlaga i nabokommunane, ordførar, representant frå Distriktsstyret og sekretær frå forbundet som innbydde gjestar
- 2013: Thor Eriksen ønskjer å gå av som leiar, men held etter påtrykk likevel fram til årsmøte i 2016
- 2014: Spørsmålet om rabattert kontingent for ektepar vart teken opp på årsmøte, og vidaresendt til fylkesstyret for vidare handsaming
- Det vart dagsturar til Askvoll og Dale, samt ein tur til Lodalen og Briksdalen. Ein tur til Bulandet og Værlandet vart så populær at det måtte arrangerast to turar for til saman 80 påmelde»
- 2016: **Monrad Kolstad** vart vald til leiar med Gisle Tomasgard som nestleiar.

- 2018: På eitt av Pensjonistmøta var det fagleg program ved forbundsleiar Jan Davidsen. Dei 125 frammøtte fekk orientering om forhandlingsrett, eigenandel for tannhelse, dataopplæring av eldre, pensjonsslippen og kommunal økonomi



Frå 2010 og fram til 2020:

- **I FØRDE:**
- 2010: BT skriv om «*Mirakelet i Førde*», og siktar til Førdefestivalen. Festivalen er no kåra til å vere mellom dei 25 beste verdsmusikk festivalane
- 2011: Storflaum i Førde – E39 er stengt og 1000 innbyggjarar er innestengt i Vieområdet
- 2012: Det nye kunstmuseet opnar, og også den bratte bystien «Hafstadkleiva» frå sentrum til toppen av Hafstadjellet
- 2013: Førde kommune flyttar inn i nytt, flott rådhus
- 2014: Trond Mohn gir 10 millionar til Hafstadparken (+ 10 mill til!) At Mohn oppdaga Hafstadparken kan Førde takke Håkon Fimland for!
- 2015: Førdepakken blir vedtatt, og bompeng-finansiering innført frå oktober 2016
- 2018: Førde kommune blir rangert som beste kommune i landet på Kommunal Rapport sitt kommunebarometer vurdert ut frå 12 ulike tenesteområder
- 2019: Samanslåing av Førde, Jølster, Naustdal og Gaular til Sunnfjord kommune frå 1/1 2020 er like om hjørne, og eit av Norges dyraste ordførarkjede blir innkjøpt



2020 og 2021 :

• I FØRDE PENSJONISTLAG:

- 2020: **Kjell Sandnes** vert vald som leiar med Åsmund Rakke som nestleiar
- Seniorsenteret starta opp med formål at eldre skal få ein sosial møteplass i nærmiljøet med ulike kulturtilbod, kafe m.v. Ivar Teigen og Odd Skrede har vore dedikerte leiarar
- 2021: Laget må flytte frå lokala i Fjellvegen 10 («Brunosten») og til lokale i Rødekorsbygget for styremøte og andre møte med få deltakarar
- Seniornett og pensjonistlaget samarbeidar om dataopplæring av eldre som ikkje er på nett. Det vert gjennomført kurs med opplæring i bruk av PC, mobiltelefon og nettbrett
- Årsmøte slutta seg til ei fråsegn med fem underpunkt:
 - «Samordningsfella»
 - «Rett til dagpengar og sjukepengar for eldre arbeidstakarar fram til fylte 72 år»
 - «Forhandlingsrett i trygdeoppgjeret for pensjonistane sine organisasjonar»

- «Minstepensjon under fattigdomsgrensa»
- «Tannhelse er også helse»
- Førde pensjonistlag har også gitt kommentarar til framlegget til økonomiplan for Sunnfjord kommune 2022 - 2025



2022:

- **I FØRDE PENSJONISTLAG:**
- 2022: Esther Skei Klausen trakk seg som styremedlem, medan resten av styret vart attvald. Anne Cathrine Neslein kom inn i styret. Ho er i tillegg lokal teknologiambassadør, og har mange oppdrag rundt omkring – ikkje minst i høve velferdsteknologi
- Årsmøte slutta seg til to fråsegner:
- - «Pensjonistane kan tape to milliardar på eitt år»
- - «Det er vanlege folk sin tur no! Dagens straumprisar er ei alvorleg belastning for svært mange pensjonistar»
- Førde pensjonistlag har også gitt innspel til kommuneplanen sin arealdel
- Og det har vore gjennomført dataopplæring i bruk av PC, mobiltelefon og nettbrett, som også vil halde fram i 2023

Styret og tillitsvalde i Førde
Pensjonistlag 2022

Leiar Kjell Sandnes
kjell.sandnes@enivest.net
Tlf. 908 84 6244

Nestleiar Asmund Rakke
asmundrak@online.no
Tlf. 901 53 789

Styremedlem Anne Cathrine Neslein
acneslein@gmail.com
Tlf. 975 28 234

Kasserar Cilja Steen
cilja.steen@enivest.net
Tlf. 900 72 037

Styremedlem Jan Ryste
jan@enivest.net
Tlf. 970 92 970

Varamedlem Signe Marie Forthun
signe.vatne@hotmail.com
Tlf. 908 78 701

Varamedlem Odd Skrede
odd.skrude@enivest.net
Tlf. 959 29864

Doris Lene Rutledal
sikelandlana@gmail.com
Tlf. 900 13 776

Seniortrimleiar Oddrun Bruland
oibrula@online.no
Tlf. 901 68 465

Følg med på vår heimeside:
www.pensjonistforbundet.no/lokalforenin/10024029-forde-pensjonistlag

Program for hausten
2022

Tema for pensjonistmøte

21. september 2022:

«Nær krigshistorie» v/Rune Timberlid

19. oktober 2022:

«Prostatkreft» v/overlege Marius Dalin

16. november 2022:

«Leve heile livet: Kva betyr det for meg»

2. desember 2022:

«50-årsjubileet: Festmiddag i Førdehuset»

23. juni 2022 kl 16.30:

Markering «Frivillighetens år» Vi syklar «vår»
stappe frå Førde til Movika

Kvar torsdag:

Seniortrim på Røde-Kors-bygget

3. kvar tysdag:

Seniortreff på RødeKorsbygget

Datastove Sunnfjord:

Datakurs i Førdehuset (Blir annonsert)

30. september 2022:

Den internasjonale eldredagen.

Arrangement i Førdehuset

Velkommen til

FØRDE PENSJONISTLAG



Treng du Pensjonistlaget?

Kanskje treng du fellesskapet, omsorga og
tiltaka, som vi er ei drivkraft på?

Pensjonistlaget treng deg!

- Vi treng dine erfaringar og dine idear.
- Vi treng deg i fellesskapet, slik at vi får ein
endå betre og sterkare organisasjon.
- Vi er landet sin største
Pensjonistorganisasjon med vel 230 000
medlemmer. Saman er vi sterke

Kva arbeider Pensjonist- forbundet Sentralt med?

Dei er pensjonistane sine talsmenn
innan helse, økonomi og statlege
tiltak for pensjonistar

- Er drøftingspartnar mot offentlege
styresmakter og har som mål å bli
den femte hovedorganisasjonen med
forhandlingsrett.
- Arbeider for auka minstepensjon, og
for å sikre pensjonsutvikling på linje
med lønnsvekst.
- Kjempar for å få tannhelse inn på
Frikortet til Folke-trygda
- Dataopplæring for eldre.
- Kommunal økonomi og ilkår for
pensjonistar generelt m.m.
- Aktivitetssenter som møteplass



Kva arbeider Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane med?

Pensjonistforbundet i Sogn og
Fjordane hjelper lokallaga med alle
organisatoriske utfordringar og
driv aktiv informasjon til oss som:

- Arrangerer Sommertreffet kvart
år
- Arrangerer haustkonferanse med
viktige tema/arbeidsoppgåver.
- Arrangerer 65+-bilforarkurs
- Pådrivar og rettleiar til
Eldreråda i alle kommunane
- Arrangerer regionale samlingar
- Arrangerer «Opne Møte»
- Pådrivar for å få akseptable
tilhøve for pensjonistar på
sjukeheim/eldrebustad
- Søkjer på felles tilskots-
ordningar



Kva arbeider Førde Pensjonistlag med?

- Arrangerer pensjonistmøte med
fagtema av almann interesse.
- Arrangerer datakurs
- Arrangerer turar
- Tilrettelagt trimgruppe for
pensjonistar.
- Medansvarleg i drift av Førde
Terapibasseng.
- Gir uttale til kommunen om
kommunale planar og tenester.
- Aktiv pådrivar innan heime-
baserte helse- og omsorgs-tenester,
sjukeheim og sjukehus, tannhelse
og rehabilitering.
- Drøftingspartnar innan einsemd og
psykisk helse.
- Seniorsenter i Rødekorsbygget
- Kulturtiltak og arrangement.
- Bustadpolitikk for eldre.
- Tilgjengelegheit og trafikk.
- Omsorgsbustader.
- Velferdsteknologi



Og kor går vegen vidare?:

Vi er berre 50, og har framleis mange år framfor oss, mange aktivitetar, gjeremål og idéer vi ønskjer å vidareføre og starte opp for å gjere Førde pensjonistlag til ein attraktiv organisasjon å vere medlem av!

Den demografiske utviklinga og folketalsframskrivinga for Sunnfjord kommune syner ei vesentleg endring i alderssamansettinga mot 2040 – vi blir færre yngre og fleire eldre. Og ei gladmelding: I 2040 vil kommunen vår ha nær 1200 fleire innbyggjarar over 80 år enn i dag 😊

MEN; dette vil bety store utfordringar når det gjeld planlegging og prioritering av utviklingstiltak og ressursbruk for at alle innbyggjarar skal få best mogleg levekår heile livet

Mot eit slikt bakteppe bør det også vere behov for eit oppegåande Førde pensjonistlag som ein stemme i samfunnsdebatten, som ein tilretteleggar av møteplassar for eldre for sosiale treff, som ein møtearrangør med kunnskapsdeling, debatt og kulturinnslag, og som ein samarbeidspart innan frivillig sektor.

Men i dag feirar vi og jubilerar vi og ser fram til dei neste 50 åra! TAKK FOR MERKSEMDA!